

Lukas Kasha

14. juni 2007 · Florø



07-Kommer-LukasKasha

Frå arkivet

Torsdag, 14. juni 2006

OM LUKAS KASHA

Hovudattraksjonen same kveld blir likevel Oslo-bandet Lukas Kasha. Bandet har svirra i rockens undergrunn lenge, og har blitt spådd ei lys framtid. 29. januar platedebuterte dei med eit solid rockealbum tufta på ein miks av tradisjonsrik og moderne indierock, kombinert med the new wave of the new wave. Plata "Animated People`s Republic" har fått svært gode kritikkar og er spekka med solide låtar. Den glitrande singelen "Love Abuse" er langt i frå noko einsamt høgdepunkt. Av andre låtar som festar seg umiddelbart, kan vi nemne den tøffe "Escape", den ultra-dansbare "People Roam The Streets" og den meir klassiske rockeren "Highway Train". Bandet har rykte på seg for å vere eit energisk og overbevisande live-band! Bandet består av: Andreas Prestmo - vokal/gitar, Kristian Pålshaugen - gitar, Jon Karlsen - bass, Eyvind Brox - synth/vocal, Eivind Henjum - synthbass og Sven Andréen - trommer/vokal.



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 114.

2007

14. JUNI

FLORØ